

Årsmøte Silda Velforening 2016

Vart avvikla på Silda grendahus -- laurdag 26. mars kl 14 – 15.45

1. Godkjenning av sakliste

Ingen invending til innkallinga.

Ein person - utan nettilgang - bad om at innkalling med sakliste vert sendt ut pr. post.

Å sende ut 40 brev med innkalling vil koste nær 1000 kr pr år. + mykje ekstra arbeid.

Dei alle fleste har nett i dag

Bestemt: Dei som gir beskjed til styret skal få innkallinga i posten

2. Val av møteleiar og referent

Jan Silden er varaformann, men bad om at sekretær også tok møteleiing.

Vedtak: Paul vart vald som møteleiar og referent.

3. Behandle og godkjenne årsmelding -- frå styreleiar

Fleire punkt i årsmeldinga måtte korrigerast i samsvar med korrigert rekneskapen. Årsmeldinga må korrigerast av styret og leggast ut på silda.com i samsvar med revidert rekneskap og vedtak frå årsmøtet.

Kommentar frå årsmøtet.

Pkt.1 Styrearbeid; ingen kommentar

Pkt 2. Renovasjonsordning for Silda.

Silda velforening får ikkje svar frå Vågsøy kommune, om oppmoding til tvungen renovasjon på Silda.

Ole S- kunne opplyse at Vågsøy k. opplyser at det ikkje er lov å innføre tvungen renovasjon på øyane.

Velforeninga bør hjelpe til med informasjon, slik at renovasjonsordninga ikkje vert misbrukt.

Kontainerane er kun til restavfall, ikkje metall, møblar, isolasjon m.m.

Nomil må lage eit skikkeleg oppslag om ordninga. Paul tek kontakt med Nomil.

Styret bør vurdere om det er mogeleg å organiserer grovavfall-innsamling i juli.

Pkt 3 ingen komenter

Pkt 4 **Retting:** I reknskapsåret 2015 har Silda Velforening kjøpt benkar for 29.912 kr som vert montert sommaren 2015.

Pkt 5 **Retting:** Blomsterkjøp i 2015 kr 2726

Pkt 6 ingen komenter.

Pkt 7 **Retting:** Grasrotandelar i 2015: 3799,09

Foreninga er for lite flinke til å fortelje om denne inntektskjelda. Eigen info på «silda.com» og på «Facebook»

Pkt 8 Ingen komentar

4. Rekneskap for 2015

Rekneskapoversikten viste både postering- og summeringsfeil. - skrivefeil-

Vedtak: Rekneskapen vert sendt tilbake til styret. Styret må legge ut retta rekneskap på «silda.com».

6. Innkomne saker:

Turstiprosjektet er på det næraste fullført:

a. litt meir ryddearbeid står att - ned mot Djupevågen -.

b. Informasjonstavle med kart ved Navlen. Kostnadsramme 10.000 kr

Paul kan ta på seg koordineringsarbeidet med «utmarksressurs.no – Stryn»

Vedtak: Paul får ansvaret for fullføring av prosjektet innfor ei ramme på max10.000 kr, og sluttrapport til «Gjensidigefondet»,

Asfaltering på Silda.

a. I samband med gravingsarbeid til SFE må det asfalterast. Meir av asfalten på øya er nedsliten og treng reparasjon. Heile vegen: frå nausta ved Tunet til porten ved Frøysa bør stellast.

b. For å vise lokal velvilje tilbød Silda velforening i 2015, å støtte kommunen med eit kontantilskot, på 50.000 kr, til asfaltering, og oppmoda dei «Fastbuande» også å delta. Dei vil stille med 45.000 kr. Årsmøtet 2016 gjorde vedtek om å auke tilskotet med 5.000 kr for å fylla opp til 100.000. Denne sjansen til å få reparert vegen vert nok den siste på mange år.

c. Kåre og Alfred har hatt drøfting med andre «Fastbuande»

Vedtak: Paul får laga ein skriftleg signert avtale med alle partar som skal delta i «pengedugnaden»

Vedlikehald av Silda Bedehus, kostnad.

Førespurnad om deltaking i vedlikehald av huset, måling og skifte vindauge. Drøfting.

Bedehuset bør vedlikehaldast. Om ikkje bør huset seljast eller rivast.

Vedtak: Huset er ikkje Silda velforening sin eigedom eller ansvar. Vedlikehaldet kan fort bli ei større utgift. Silda velforening har satsa all sin aktiva på fellesskapet, asfalt m.m.

5. Budsjett for 2016

Planlagt utgift:

1. Restbetaling for skilt mottekne, ikkje betalt		6.258
2. Infotavle for Silda sak 6b	max	10.000
3. Plantkasser 6- 8	max	4.000
4. Planter til Silda (Paul snakkar med Morten)	max	3.000
5. Diverse i 2016, grus,porto,materiale	max	10.000
6. Asfaltering (vedteke 2015)		50.000
7. Asfalt vedtak 2016		<u>5.000</u>

88.258

Aktiva

1. I kassa pr 31/12	64.800
2. Kontigent 2016	19.000
3. Grasrotandelar	4.000
4. Grillfest/lotteri m.m	4.000
5. Sluttoppgjer Gjensidigefondet	<u>9.000</u>

100.800

7. Val

Valnemnd hadde ikkje vore i arbeid.

Vedtak: Attval av sitjande styre, med vararepresentantar.

Møte-referent og -leiar Paul Sundnes

Rett møtebok:

Jan Silden
godkjendt

Kjell Rune Gangsø
godkjent

Sindre Langlo
godkjent